



Årsplan 2019

Avløysing – Landbruksvikar

Halde fram arbeidet med å rekruttere gode avløysarar til å ta oppdrag. Prøve å få på plass avløysarring i Stryn - Oppstryn/Hjelledalen. Vidare skal vi arbeide for å ha gode og ryddige arbeidsforhold for dei tilsette.

I ein pressa arbeidsmarknad må vi arbeide kontinuerleg med å rekruttere avløysarar. Vi må kunne tilby gode lønns- og arbeidsvilkår, dette for å kunne ha ein stabil arbeidsstokk. Delta på Jobbmesse i regi av NAV i Nordfjord.

Komme med innspel til dei lokale bondelaga og NLT, opp mot jordbruksforhandlingane.

HMS

Vidareføre arbeidet som vi har vore i dialog med Arbeidstilsynet om:

- bruk av reviderte arbeidsavtaler
- sende ut brev/avtaleskjema for å avklare ansvarsforhold mellom bonden og Vest LT
- innføre gode rutinar for å melde avvik
- gode rutinar for å sikre opplæring til utleigde arbeidstakarar
- gode rutinar for å fylgje opp overtidsbruk
- innføre systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit

Heimeside

www.vest-landbrukstenester.no

Ha ei til kvar tid oppdatert og informativ heimeside. Legge inn alle i styret med telefonnummer.

Marknadsføring

Halde fram med informasjon til både aktive, passive og eventuelle nye brukarar. Informere om våre tenester og om dei tilboda vi har til våre medlemmar.

Diverse - Andre arbeidsoppgåver:

- Strategiplan: Samarbeide med Gloppen Avløysarlag og Landbrukstenester Nordfjord
- gode rutinar for utlønning av avløysarane. Webtemp: Fleire brukar e-timelister.
- oppfølging/opplæring av avløysarane. Vurdere kurs i motorsag, varmekurs, verneutstyr
- Kurs i verneutstyr: Invitere med Landbrukstenester Nordfjord og Gloppen Avløysarlag
- Eige motorsagkurs for damer
- Etterlyse utstyr/arbeidskle formsydde til damer og ungdom
- skaffe medlemmane avløysarar ved behov
- gode forsikringsordningar for medlemmane og avløysarane
- delta på kurs for LV/avløysar/administrasjon
- delta på NLT si Vår-samling og Haust-samling
- vurdere å inngå frivillige avtaler med dei bøndene som lønner ut gjennom laget om fullmakt for autogiro dersom likviditeten vert dårlegare